

Autorisasjonskurs for kjøp og bruk av plantevernmidlar 2010

Bygdevis er ei verksemd eigd av Telemark Bondelag som skal drive kurs og kompetansetiltak spesielt retta mot landbruket og bygdene i Telemark.

Bygdevis, i samarbeid med Norsk Landbruksrådgiving Østafjells og Fylkesmannen i Telemark, tilbyr vinteren 2010 kurs for dei som

- skal fornye sprøytesertifikatet sitt
- ta sprøytesertifikat for første gong

Denne faldaren blir sendt dei som iflg. Fylkesmannen sitt register har sprøytesertifikat som går ut i 2010.

Her får du informasjon om regelverket for fornying, kva kurs du kan melde deg på og bøker som du treng for å gå opp til avsluttande oppgåve/eksamen (som du må bestå).

Fylkesmannen i Telemark har ansvar for gjennomføring av avsluttande oppgåve/eksamen.



TELEMARK BONDELAG



Fornyning av autorisasjonsbeviset

Dagskurs (7 timars teorikurs m. lærar)

Tema: integrert plantevern, regelverk, helse og miljø, sprøyteutstyr.

Stad: Bø Hotell, 3800 Bø

Tidspunkt: onsdag 10. mars 2010 (heile dagen)

Påmeldingsfrist: 10. februar

Pris: 1.600 kr (utgifter til bøker kjem i tillegg)

Avsluttande oppgåve blir halde same dag.

Påmelding / informasjon:

Bygdevis v/Telemark Bondelag, tlf. 35959030,

e-post telemark@bondelaget.no

Avsluttande oppgåve

Oppgåva er tilpassa plantevern i dei ulike produksjonane.

Dersom du i tillegg til grunnboka har lese om plantevern i eigen produksjon, eks. korn, kan du velje eksamen der plantevern i korn blir vektlagt. Har du bare lese grunnboka, vel du *generell oppgåve*.

Deltakarane må bestå oppgåva for å få sprøytesertifikat.

Bestilling av bøker/materiell – sjå side 4.

Deltakarane får tilsendt program/informasjon ca. ei veke før kurset.



TELEMARK BONDELAG



Norsk
Landbruksrådgiving Østafjells

Kurs for dei som skal ta autorisasjonsbevis for første gong

Obligatorisk praksisdag (7 timar m. lærar)

Alle som skal ta sprøytekurs for første gong, må vere med på obligatorisk praksisdag, 7 timar m lærar.

Tema: plantevernmidlar som helserisiko, verneutstyr, sprøyteutstyr, demonstrasjon/øving i sprøyteutstyr.

Eksamen, 1 time, på slutten av dagen.

Før obligatorisk praksisdag må deltakarane ha deltatt i studiering eller lese pensum på eiga hand. Ut frå påmeldingar blir det organisert studieringar.

Obligatorisk praksisdag: Søve vg. skole, 3830 Ulefoss

Tidspunkt: tysdag 23. mars 2010 (heile dagen)

Påmeldingsfrist: 1. februar

Pris: 1.400 kr (utgifter til bøker kjem i tillegg)

Avsluttande eksamen blir halde same dag.

Påmelding / informasjon:

Bygdevis v/Telemark Bondelag, tlf. 35959030,

e-post telemark@bondelaget.no

Bestilling av bøker/materiell – sjå side 4.

Deltakarane får tilsendt program/informasjon ca. ei veke før kurset.



TELEMARK BONDELAG



Norsk
Landbruksråd
Østafjells

Bestilling av bøker

- Bøker kan bestillast gjennom BSF, tlf. 22054832, e-post post@bsfstudie.no
- Bøker kan bestillast/kjøpast gjennom lokal bokhandel
- Kan evt. bestillast ved påmelding

Hugs å bestille bøker i god tid før kurset. Du må rekne 14 dagar frå bestilling til du får bøkene tilsendt.

Pensum

Grunnboka "Handtering og bruk av plantevernmidler" kostar 319 kr og er obligatorisk. I tillegg vil ein tilrå at deltakarane les ei el. fleire bøker som er relevant for den produksjonen du driv:

- Plantevern i frukt og bær, kr.319
- Plantevern i grønsaker, kr.319
- Plantevern i potet, kr.219
- Plantevern i korn, kr.319
- Plantevern i veksthus, kr.319
- Plantevern i grøntanlegg, kr.319

Atterhald om prisendringar.

